



Til:

Karl Kollbotn

Notat

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2023/3134-88	Jan Erik Boge	02.09.2026

Informasjon om lovreglar om avgjerder om gildskap for medlemmer i folkevalde organ

Formannskapet vedtok 28.08.2026 innstilling til kommunestyret i saka *Revisjon av dokumentet «Reglar og rutinar for vurdering av gildskap ved behandling av politiske saker»*. Saka kjem opp til endeleg handsaming i kommunestyret 10.09.2026. I formannskapet vart rådmannen sitt framlegg til vedtak samt følgjande tilleggsframlegg frå Camilla Stavnes Hisdal (MDG) vedteke:

- *«Når ein representant er automatisk ugild, legg rådmannen fram ei kort vurdering. I desse tilfella er det ikkje nødvendig at representanten gjer greie for saka si, eller at det blir røysta over om vedkomande er gild eller ugild.»*

Det går fram av møteprotokollen for formannskapet at administrasjonen, før saka kjem til endeleg handsaming i kommunestyret, vil kunne gjera ei vurdering av om heile innhaldet i endringsframlegget er i samsvar med reglane i lovverket, eller om det eventuelt vil vera nødvendig med nokon presiseringar/justeringar. Administrasjonen har no gjort ei vurdering av dette, sjå nedanfor i dette notatet.

Gjennomgang og vurdering frå administrasjonen:

Gjennomgang av lovreglar m.m.:

Reglar om gildskap for kommunale folkevalde står i kommunelova § 11-10 og forvaltningslova kapittel II. Det går fram av forvaltningslova § 8 andre ledd at i kollegiale organ er det organet sjølv som treff avgjerd om ein medlem er gild eller ugild:

I kollegiale organ treffes avgjørelsen av organet selv, uten at vedkommende medlem deltar. Dersom det i en og samme sak oppstår spørsmål om ugildhet for flere medlemmer, kan ingen av dem delta ved avgjørelsen av sin egen eller et annet medlems habilitet, med mindre organet ellers ikke ville være vedtaksført i spørsmålet. I sistnevnte tilfelle skal alle møtende medlemmer delta.

Kommunal- og distriktsdepartementet har utgitt ein rettleiar om sakshandsaming i folkevalde organ i kommunar og fylkeskommunar. I rettleiaren er det eit eige punkt (6.4) om korleis spørsmål om gildskap skal avgjerast i slike organ. I det første avsnittet i punkt 6.4 står det følgjande:

6.4 Hvordan avgjøres inhabilitet i folkevalgte organer?

I folkevalgte organer er det organet selv som avgjør om det enkelte medlemmet er habilt eller inhabilt, jf. forvaltningsloven § 8 annet ledd. Beslutningen kan ikke delegeres, og det skal fattes en beslutning selv om det er klart at det foreligger en inhabilitetsgrunn. Det medlemmet habilitetsspørsmålet gjelder kan gi uttrykk for sin oppfatning av spørsmålet og redegjøre for de forholdene som gjør at det skal foretas en habilitetsvurdering. Utover dette kan ikke medlemmet delta i avgjørelsen, verken i drøftingen av eller avstemningen i saken, og må forlate sin plass som møtedeltaker.

Både i departementet sin rettleiar og i lovkommentarar til forvaltningslova § 8 går det mellom anna fram følgjande:

- Eit kollegialt organ har ikkje høve til å delegera myndet til å ta avgjerd om ein medlem sin gildskap. Gildskapsspørsmålet må føreleggjast og avgjerast av organet sjølv. Dette gjeld sjølv om det synest klart at svaret på gildskapsspørsmålet er opplagt.
- Medlemmen som gildskapsspørsmålet gjeld, har rett til å kunne uttala seg før organet handsamar spørsmålet og tek stilling til gildskapen.

Dokumentet «Reglar og rutinar for vurdering av gildskap ved behandling av politiske saker» er vedlegg til reglementet for sakshandsaming i folkevalde organ i Samnanger kommune. Eit sentralt føremål med vedlegget er å gje utfyllande informasjon til reglane i reglementet. I reglementet (som vart vedteke av kommunestyret 18.06.2026) står det i punkt 4.14 at det er organet sjølv som avgjer om ein medlem er ugild eller gild:

Dersom det før eit møte er meldt inn spørsmål om eller reist tvil om gildskapen til ein folkevald, er det ønskeleg at rådmannen førebur ei vurdering av gildskapen til vedkomande folkevald. Vurderinga skal leggjast fram i møtet dersom organet ber om dette.

Det er organet sjølv som avgjer om ein medlem er ugild eller gild. Det skal alltid røystast over gildskap når dette spørsmålet kjem opp i handsaminga av ei sak. Varamedlem skal, dersom dette er praktisk mogleg, vera med under organet si handsaming av gildskapen til den faste medlemmen. Først når vedtak om gildskap/ugildskap er fatta, kan handsaminga av sjøve saka halda fram.

Vurdering:

Vurderinga til administrasjonen er at den siste delen av den siste setninga i tilleggsframlegget som formannskapet vedtok 28.08.2026 i innstillinga si til kommunestyret, ikkje er i samsvar med reglane i forvaltningslova § 8 andre ledd første setning. Lova set krav om at organet sjølv tek avgjerd om gildskapen til ein medlem. Dette gjeld uavhengig av om det synest openbert at medlemmen er ugild i saka (såkalla «automatisk ugildskap»). Avgjerd om gildskap skal takast gjennom vanleg fleirtalsavgjerd i organet.

Administrasjonen si vurdering er at resten av ordlyden i tilleggsframlegget som formannskapet vedtok 28.08.2026 ikkje er i strid med reglar i lovverket. Det vil likevel vera slik at sjølv om det står at det ikkje er nødvendig at representanten gjer greie for saka si, vil representanten likevel ha rett til å gjera greie for saka dersom ho/han ber om dette.

To eksempel på røystemåtar som kan brukast:

Det går fram av Kommunesektorens organisasjon (KS) si handbok «Møtet er satt» at voteringar i kommunale folkevalde organ kan gjerast på ulike måtar. Dette går òg fram av kommunen sitt reglement for sakshandsaming i folkevalde organ. Den aller enklaste måten er såkalla «Open votering ved stilltiande bifall»:

- *«Når ingen, selv om de er oppfordret til det, uttaler seg mot et forslag møtelederen har satt fram. Ordføreren kan i slike tilfeller si at ingen har ytret seg mot forslaget, som dermed anses enstemmig bifalt. Et slag med klubba.»*

I tilfelle der det er openbert at ein medlem er ugild i ei sak, vil røystingsmåten ovanfor truleg kunne vera veldig aktuell. Alternativt kan ein for eksempel bruka røystingsmåten «Open votering ved handsopprekking eller ikkje»:

- *«Ordføreren sier for eksempel: «De som stemmer for, forholder seg i ro, mens de som stemmer imot, rekker en hånd høyt i været. Det stemmes.»»*

Med helsing

Jan Erik Boge
rådgjevar

Ove Sæbø
rådmann